



Ei fin stund når sokneprest Lina Håland syng velsignelsen for dåpsbarnet.

Den vakre dåpsgudstenesta i dag vert eit godt minne for foreldre, fadrar og familien til vesle Eira Bergstø Wølstad som vart døypt i Uskedal kyrkje i dag. Eira bur i Stavanger saman med mor Lene Bergstø, opphavelg frå Uskedalen, far Håkon Wølstad og storebror Magnus som vart døypt i Uskedal kyrkje i fjor.

Frå dåpsbarnet og foreldre vart ført opp kyrkjemidtgangen til musikk av organist Marit Lindekleiv til det vart avslutta med eit aldeles nydeleg postludium der sokneprest Lina Håland framførte Duke Ellington-klassikaren «Almighty God has those angels» til orgelakkompagnement av organist Lindekleiv, var det ein varm og god stemning under gudstenesta. I postludiet kom verkeleg den gode kraftfulle stemma til Lina til sin rett. Nydeleg.

Under dåpshandlingane er det alltid eit flott og gripande øyeblikk når Lina tar dåpsbarnet i armkroken og syng velsigninga. Slik var det også i dag.

Preiketekstane var frå likningane om den bortkomne sauken og pengestykket som forsvann. I begge tilfella vart det leita etter det som kom bort, og glede var stor og det vart feira med måltid og glede då det kom til rette.

- Jesus tiltrekte seg dei utstøtte og pøblar av alle slag, åt med dei og gav dei alltid tilgjeving, også røvaren på korset fekk tilgjeving, sa mellom anna soknepresten.

I preika si var ho også innom Eddie Eidsvåg sitt Pøbelprosjekt. Gjennom dette har meir enn 3.500 'pøbelungdommar' come inni arbeid og har fått ei framtid. Dette er gjort ved å ikkje grava i det gamle, men ved å retta blikket framover mot det positive, slik Jesus også gjorde.

- Det er viktig å få dei som fell utanfor inn i livet. Vi treng ein ven i Gud, avslutta soknepresten før ho heilt til slutt i preika framførte Ole Paus sin tekst

«Det begynner å bli et liv – det begynner å ligne en bønn» frå eit album som Paus gav ut saman med Oslo Kammerkor i 1998. Med innleving, klar stemme og utan komp delte ho den gode teksten med kyrkjelyden.

Denne fine songen kan de høyra ved å klikka [HER](#). Den vert her framført av Ole Paus og Anita Skorgan i eit program av serien «Hver gang vi møtes».

Til å vera midt i fellesferien var gudstenesta svært godt besøkt. Gledeleg var det også å sjå at det var både feriefolk og folk frå andre Kvinnheradsbygder i kyrkja. Elles var det både takkeoffer og nattverd med godt besøk.



Kyrkjelyden fekk oppleve eit vakkert postludium då Lina Håland(song) og Marit Lindekleiv(orgel) framførte Almighty God Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.